



Alver kommune Plan og byggesak
Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: 2366f46d-5114-41a7-
af8d-4ddbcefe2aa5
Vår: 23/3597 - 23/58493

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2023

Uttale frå landbruksavdeling jordtipp - gbnr 343/8 Ryland

Tiltak: jordtipps
Byggjestad: Gbnr: 343/8
Tiltakshavar: Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg
Ansvarleg søkjar: Norsk Landbruksrådgiving Vest Sa

Saka gjeld søknad om deponering av massar. Føremålet er nydyrking av 22 dekar. Maksimalt volum for trinn 1 er om lag 65 000 kubikkmeter. For trinn to er det vist til om lag 34 dekar.

Planstatus: Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF. Tiltak ligg i omsynssone H190

Sidan dette er overskotsmassar frå planlagt veganlegg Fløksand -Vikebø meiner me plasseringa er fornuftig. Kortast mogleg transport og permanent nyttig plassering er eit av suksesskriteriane når det gjeldt flytting av massar.

Landbruksavdelinga meiner handsaming etter nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta vil ivareta dei miljø og landbruksmessige sidene ved saka. Tiltak etter begge forskrifter krev at søknad vert sendt på høyring til statsforvaltar og fylkeskommune.

Handsaming etter plan- og bygningslova vil ivareta andre interesser som naboulempar, trafikk m.m.

Me ber om å få tilsendt høyringssvar frå Statsforvaltar og Fylkeskommune, og tilbakemelding på om planlagt saksgang er ok. Dersom ikkje det er andre ting som må avklarast vil me starta handsaming av saka når me har fått tilbakemelding frå plan- og byggesak. Me kjem til å gjennomføra synfaring, gjerne saman med plan- og byggesak.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG